

Referat frå styremøte 26.01.21

Til stades: Tone Østtveit Kvinen (digitalt), Eva Marianne Tennfjord, Åse-Berit Fidjeland, Anita Haugen, Helga Hadland og Anette Grønning (digitalt)

Meldt forfall: Siri Fidjeland

Sak 01/21: Årsplan

- evaluering aktivitetar i 2020

- a) **Adventsmarkering** saman med kyrkja på Kvæven gjekk fint, og det var nærare 80 som møtte opp. Det me ikkje hadde tenkt på, var at det måtte vera beskyttande mansjett på faklane, men det fekk den ansvarlege hjelp til, og det ordna seg greitt. Det vart samla inn ein del faklar etterpå
- b) **Peparkakebygda** fekk inn åtte (8) bidrag, om lag halvparten av dei siste åra
- c) **Persesyltekveld** vart gjennomført med "spesielt inviterte" pga. smittevern-omsyn, og sju (7) damer ende opp på kjøkkenet på bygdetunet

- kva kan me gjennomføra p.t.?

- d) **Bilkino** kan gjennomførast for Eva har ei stor presenning liggjande
- e) **Familedag i akebakken** på Haugen blir tysdag 9. februar med denne arbeidsfordelinga:
Anita: Lagar plakater og ordnar bålpanne, kakaomaskin og ei kanne kakao, samt bed Åge om å preparera bakken
Eva: Hjelper Anita frå kl. 16.00 med bæring, og tar med te og faklar
Åse-Berit: Sjekkar ut kva SBK har att av pappkrus m.m.
Helga: Lagar langpannekake og kokar ei kanne kaffi og ei kanne kakao
Tone: Lagar langpannekake og kokar ei kanne kaffi og ei kanne kakao
- f) **Skitur for familien** søndag 21. februar kl. 11.00 på Tjørhom. Helga planlegg og bed om hjelp når det nærmar seg.
- g) **Jordeplekakebaking** på Bakkehuset 18. mars
Medlemsmøte med påmelding til Anette med maks ti (10) deltakarar. Kurset kostar kr. 150,- og jordeplekakene skal brukast på basaren dagen etter, men alle får med "ein pose" med heim
- h) Me må avgjera kva me skal gjera med **basaren** før vinterferien, for då må basarbøkene ev. ut, og Åse-Berit tar kontakt med Sirdal sau & geit for å høyra kva dei tenkjer
- i) **Temamøte om bygdeutvikling** blir utsett eit år. Anita har fått ja frå leiaren i Sirdal bondelag om eit samarbeid, som bør ha 1-2 i arrangementskomité. Tone kontaktar Sirdal kommune via May Britt for å få med 1-2 derifrå. Det er viktig å starta planlegging allereie nå for å få føredragshaldar(ar) m.m.

Sak 02/21: Kort referat frå digital lokallagssamling RBK 25.01.20

Eva, Siri og Åse-Berit deltok på digital lokallagssamling i RBK, m.a. saman med Solveig Marie i RBK-styret.

Eva fortel om møtet, og kort om delen der Sosan Asgari Mollestad starta med å fortelja om prosjektet *Kvinner ut - der kvinner møtes* og *Kvinner ut - kompetanse og mestring* som held fram ut 2021. Det er 17,7 % innvandrarar frå 223 land i Noreg, der 48,2% kjem frå Europa, 33,9% frå Asia, 13,9% frå Afrika og berre 2,6% frå Mellom- og Sør-Amerika.

Ho fortset med å fortelja om Sand BK si satsing på *Kvinner ut - kompetanse og mestring* der dei halde kurs om kvinner og demokrati i 2019. Dei hadde allereie

arrangert valmøte for og med kvinner i 2015, og bygde vidare på dette i kursrekka med seks (6) samlingar i 2019. Møta vart haldne heime med ein god pause med mat og uformell prat, og då blir ein kjende med kvarandre. I tillegg har Sand BK arrangert koronasikre tiltak ute i det fri med m.a. besøk på ein økologisk gard i Etne. Sjå elles vedlagt presentasjon.

I Sirdal kokte planane for *Kvinner ut - kompetanse og meistring* mellom vaksenopplæringa og SBK bort i kålen pga. sommarferie og Covid-19, og nå får me berre sjå når ting betrar seg.

Vats BK og Elisabeth Nesheim fortalde om deira aktivitetar, men etter halvannan time på skjerm og utan støtteark, vart det vanskeleg å halda tråden.

Elles arrangerer NBK Zoom-treffet *Kaffe og inkludering* 4. februar kl. 18.00, og Åse-Berit ber om å få lenkja i tilfelle nokon vil vera med.

Sak 03/21: Årsmøte 20. mars i Stavanger

Det blir fysisk årsmøte i RBK for 2021 20. mars i Stavanger, og det kan bli avgrensa til ein, der Eva og Åse-Berit har lyst å reisa. Dei avgjer det når me får invitasjon.

Sak 04/21: Nye innbuarar

Aksel Philip har kjøpt husvære på Sinnes, men det viser seg at han leiger det ut og bur heime hos foreldra, så skal han få besøk frå bygdekvinne nå?

Valeria My og ei veninne har budd lenge i Sirdal, men det ser ut som dei blir. Eva finn i alle fall ut kor dei bur, og Åse-Berit finn ut kven som er nabo til Gunn Iren i det nye kommunale huset på Myraleitet.

Sak 05/21: Anna

a) **Hjelp på arrangement**

Det er ein eller to ansvarlege på kvart arrangement, men det er klart at dei kan og må be om hjelp når det trengs!

b) **Rekruttering/verving**

Nå har Jorid Marie, som vann eit medlemskap, meldt seg inn i SBK.

Tone meiner me må stå på for å få fleire medlemmar, m.a, ved å vera aktive på FB, der det har skjedd lite i det siste, og når me treff folk og arrangerer noko. Me har ei lukka, kvilande FB-gruppe som Tone prøver å få sletta, og så passar me på å få ut informasjon der me ser ein sjanse. For å få fleire medlemmar, må noko vera berre for medlemmar, ev. billegare, samstundes som opne gratisarrangement kan rekruttera nye.

c) **Kvinner ut – der kvinner møtes-idé**

Eva minnest korleis ho lærte ei innvandarkvinne å symja, og føreslår at SBK kan arrangera symjekurs i Tonstadbadet med kaffiprat på bakeriet etterpå. Åse-Berit sjekkar om det er mogleg å få til utanom ordinær opningstid i Tonstadbadet på laurdagar.

d) **Nytt møte** 23. febr. kl. 19.00 på Sinnes skule personalrom m/FOTOseanse!